

SNERTEN

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum

Nr. 11
Desember 2015
Årgang 6



NLF gratulerer vinnarane av gruppespel senior på LK 2015!
Ingrid Fossum og Magnhild Karsrud Foto: Knut Aastad bråten

Les om aktivitetsåret 2015, dansedokkene til Stein Villa, intervju med
Elisabeth Kværne, historia til Torgeir Havro og
minneord etter Kjell Stokke

Leiaren har ordet:



Gode langeleikven!

Tida kjem til deg heiter det, men jammen går ho fort forbi og.

Så endeleg kjem Snerten til deg att!

Det er mykje som hender i «langeleikverda» og, ei gledeleg auke i aktivitetane rundt i landet. Høgdepunktet i år var Landskappleiken på Fagernes der langeleiken gjorde seg sterkt gjeldande. Duoen Ingrid Lingaas Fossum og Magnhild Karusrud sto for ein av dei store prestasjonane og vann klassa for gruppespel med sitt tette samspel på langeleik!

Lagspelklassa hadde i år heile tre langeleiklag, ei tredobling sidan i fjar og med gode plasseringar på resultatlista. Og sist men ikkje minst: Ingebjørg Hegge Bratrud og Knut Aastad Bråten vann junior- og seniorklassa. Ein stor gratulasjon og takk til alle utøvarar og inspiratorar!

I Oslo har Norsk Langeleikforum saman med Valdreslaget i Oslo, sett i gang med langeleikøvingar. Og talet på frammøtte er gledeleg stort og det same er tilgangen på instruktørar. Når jungeltelegrafen går, så er det utruleg mange som har spelt eller vil spele, og som bur i området rundt Oslo!

Spelehelga på Eidsvoll samla og mange til samspel, låttebyte og inspirasjon. Deltakarane fekk og høve til å spreie glede og godt spel for dei eldre på sjukeheimen der, eit flott tiltak som vi gjerne kan gjere mykje oftare!

På Kongsberg er det og ein trufast gjeng som samlast til speleøvingar. Og på Gran har det kome i gang øvingskveldar på langeleik!

Elles er etterspurnaden etter instrument og aukande og på instrumentverkastden på Valdres folkemuseun er dei no i gang med å produsera fleire langeleikar. På Gjøvik er det og mogleg å bygge sin eigen langeleik på kurs med byggegruppa i Gjøvik spelmannslag. Og fleire har etterlyst byggesett via heimesida vår!

Så lat oss halde fram med godt samhald og inspirera kvarandre til å ta vare på og vidareutvikla dette flotte instrumentet og musikken!

Velkomne til årsmøtehelg på Gjøvik 8.-9.januar 2016!

Helsing leiari Marit Steinsrud

Årskavalkade

Ved årets slutt brukar ein ofte på å ha eit tilbakeblikk på kva som har hendt siste året. Her kjem nokre bilete og omtale frå samlingar i regi av Norsk Langeleikforum i samarbeid med andre lag i 2015.

Spelehelg og årsmøte på Fagernes

25. – 26. var det spelehelg med årsmøte på Fagernes. Eva Nyseth, Ole Aastad Bråten og Ingebjørg Hegge Bratrud var kursleiarar. Ole Asstad Bråten og Elisabeth Kværne tok oss med gjennom den unike langeleikutstillinga som er på Valdres Folkemuseum, og det vart og tid til eit besøk hjå Elisabeth Kværne i folkemusikk-arkivet. Om kvelden var det konsert med mange ulike samspelgrupper og soloinnslag.



Kurs i langeleik på Gjøvik

Helgen 15 – 16 mai holdt Gjøvik Spelemannslag kurshelg for niende gang. Vi møttes på Eiketunet fredag ettermiddag for å spille, synge eller smi munnharper. Gunvor

Hegge holdt kurs i langeleik, og vi var en eksklusiv gruppe på fire som fikk veiledning gjennom helgen. Gunvor lærte oss Klukkelått og Dombjellelåtten i tradisjon etter sin bestemor Guri Hegge (1884 – 1976.)

Vi møttes med ulike erfaringer og ferdigheter på leiken, men det gikk helt fint å dra nytte av hverandre når vi skulle lære bit for bit av en ny lått. Noen



ALDRI UTLÆRT: Inger Frøyd Bakken fra Oslo (tv), Rigmor Bové fra Lillehammer og Guri Svindahl fra Lillestrøm ville lære mer om langeleik.

begynte å pusle med en reinlender, for min del hadde jeg allerede nok med å ta inn to nye. Med dagens smarte telefoner fikk jeg med «bonusmateriale» hjem i form av opptak av en Halling etter Ulrik i Jensestugun som Gunvor hadde fra Elisabeth Kværne og en versjon av Thomasklukkelåtten. – Litt å pusle med utover sommeren og høsten.

Tusen takk for en flott helg!

Guri Svindahl

Langeleiksatsing i kulturskulen i Øystre Slidre

Øystre Slidre kulturskule fekk i 2010 pengar gjennom statlege stimuleringsmidlar til eit prosjekt vi kalla "Med røtter i fortida er du rusta for framtida".

Vi ville at elevane i grunnskulen skulle bli kjent med lokal historie, kultur, musikk og dansetradisjon, handverkstradisjon og folkemusikkinstrument gjennom aktiv deltaking. Ved sida av ei godt barnehage-skule og kulturskule tilbod skulle alle sikrast eit variert kulturtilbod og oppleva eit mangfald av uttrykk. Vi ville styrke samarbeidet mellom kulturskule og grunnskule og auke forståing og kjennskap til kvarandre og eigenart, likskap og skildnad. Og mest av alt; vi ville ha rekruttering i kulturskulen på folkemusikk.

Dette gjekk så bra at vi i 2012 fekk fleire stimuleingsmidlar til å fortsette det gode arbeidet. Samtidig var det søkbare midlar frå Sparebankstiftinga DNB Nor til innkjøp av musikkinstrument. Vi var heldige og fekk ei gave på 120 000 til innkjøp av langeleikar. Dermed kunne instrumentmakar-verkstaden på Fagernes få ein stor ordre, dette rakk til heile 6 langeleikar. Så endeleg i 2014 var leikane ferdige og høgtideleg overrekt.



Knut Arne Jacobsen, Line Ness, Kari Onstad og Mary Ann Nøbben
er ivrige og entusiastiske

Foto: Gunvor Hegge

Øystre Slidre har ein ubrotten langeleik-tradisjon som vi er svært stolte av. Likevel slit vi med rekruttere elevar. Vi arbeider jamnt og trutt og har gode medspelarar i spel og dansarlag og i miljøet sjølv. Med langeleikar på lager og gode lærarkrefter ligg alt godt til rette.

Våren 2015 vart det lagt til rette for eit kurs for vaksne. Ein liten, men entusiastisk gjeng møtte fram og fekk innføring i bruken av instrumentet og låttar å øve på.

Kari Onstad, rektor i Kulturskulen i Øystre Slidre

Spelehelg på Eidsvoll

Helga 24. - 25. oktober 2015 var 10 ivrige langeleikspelarar samla på Eidsvoll til utveksling av låttar, samspel og kulturelle innslag! Anja Hegge Nilssen hadde ordna med all organisering. Det starta laurdagen då vi var samla på Sessvoll skole. Her

gjekk det i Pål sine høner, Briskehauga, Napoleons tilbakemarsj, rundlåttar og hallingar.

Sundag tok vi med oss instrumenta til Vilberg Kompetansesenter for helse og omsorg. Der sat det omlag 50 bebruarar og venta på underhaldning. Og



underhaldande vart det! Vi varta opp med spel og sang og held dei i ånde i tre kvarters tid. Ei gjevande stund, i alle fall for oss som gjester, og vi trur at dei som budde der også hadde glede av det.

Etterpå vart det omvisning i Eidsvollbygningen. Skal tru om det nokon gong har vore spelt langeleik inne der?

Gunvor Hegge

Stor interesse for langeleiken i Oslo.



Nå er vi i gang i Oslo! Tidlig i høst hadde Norsk Langeleikforum møte i Oslo, og det ble bestemt et samarbeid med Valdreslaget i Oslo. Valdreslaget har leid Blåsalen i Nordahl Brunsgate 22, og Norsk Langeleikforum ordnet med instruktør. Valdreslaget har fire langeleiker til utlån. I tillegg har vi fått låne to langeleiker fra Oddrun Hegge. Fire tirsdager har vi hatt kurs/øving. De to første kveldene

kom Marit Steinsrud fra Gjøvik. De siste to har Solveig Vatn Weisser kommet og stemt og lært bort.

På hver av øvingene har vi delt gruppen i to, Solveig har tatt seg av stemming av alle leiker og de som aldri har spilt før. Vi andre har spilt/øvd på de lattene vi har lært av Marit og Solveig. Alle er utrolig ivrig, det er nesten ikke tid til pause.

Sammen med Valdreslaget vil vi fortsette med samspill annenhver uke neste år, og starter opp tirsdag 12. januar kl. 18. Velkommen!

Brit Totland

Eit 30-åresminne

I år er det 30 år sidan Elisabeth Kværne gav ut plata som retta eit nasjonalt blikk på det eldgamle strengeinstrumentet.

Elisabeth Kværne var ikkje seg sjølv att på fleire dagar, etter at utdelinga var over og Valdres hadde fått sin fyrste spelemannsprisvinnar. – Eg var kjempeglad, megaglad, seier Elisabeth i dag.



Kva har prisen betydd for deg?

I dei fyrste åra gav den meg mykje merksemd. Då opplevde eg også Valdres på sitt beste, nett fordi mange tok del i prisen og kjente eigarskap til musikken. Prisen var like mykje ei anerkjenning av Valdreskulturen.

Du har vore politisk aktiv i over 40 år. Vart plata og prisen ein del av den kulturpolitiske kampen din?

Sjølvsagt, kva tek du meg for? Langeleikspelarane hadde kjent seg undervurdert lenge nok. I miljøet og utanfor. Med prisen viste vi at leiken var bra nok for norsk musikkliv. I dag synest eg langeleikspelarane kan virke litt mette, det er ein fare. For det er framleis mykje å kjempe for, vi kan gjerne øve litt meir, få med oss fleire. Mange veit jo enno ikkje kva ein langeleik er. Shame, shame!

Rekrutteringa har òg gått ned sidan '85. Eg er litt bekymra for framtida, men gler meg over dei ti elevane vi har i Valdres i dag, og som kosar seg med speltinga og musikken.

Kva betyr langeleiken i kvardagslivet?

Eg elskar langeleiken min og spelar kvar dag. Men fokuset er ikkje lenger på låttelære og konsertverksemd. Eg er meir oppteken av dei praktiske sidene rundt speltinga, til dømes at vi skal ha gode instrument tilgjengeleg for nykommarane.

Det er 30 år sidan du skapte furore. Korleis skal jubileet markerast?

Eg ynskjer meg ein hær av langeleikspelarar PÅ HJELLE i jula. Vi HAR fyra i eldhuset i tre dagar, og det er heilt sjukt koseleg her med julestemning de lux, kanskje den flottaste staden i Aurdal akkurat no. Vi skal til dømes ha juletrefest her i kveld, så her er alt på stell.

Kva er ditt langeleikynskje for 2016?

At vi set ny langeleikrekord under Landskappleiken i Vågå. Vi har berre tida og vegen for øving og strategisk planlegging.

Resultat frå Landskappleiken 2015



Langeleik, junior

1	Ingebjørg Hegge Bratrud	Vårflaumen Spel- og dansarlag	106
2	Ida Kristine Opheimsbakken	Vårflaumen Spel- og dansarlag	98
3	Andrea Søgnen	Gol spel- og dansarlag	92
4	Borghild Håvarsdotter Dalbø	Øystre Slidre Spel- og dansarlag	85

Langeleik, senior

1	Knut Aastad Bråten	Vårflaumen Spel- og dansarlag	138
2	Ingvild Lie	Øystre Slidre Spel- og dansarlag	122
3	Magnhild Karsrud	Vårflaumen Spel- og dansarlag	119
4	Ingrid Lingaas Fossum	Vårflaumen Spel- og dansarlag	116
5	Marit Steinsrud	Gjøvik Spelmannslag	115
6	Lise Lunde Brennhagen	Vårflaumen Spel- og dansarlag	111
7	Turid Berge Endrerud	Gjøvik Spelmannslag	104
8	Gunvor Hegge	Øystre Slidre spel-og dansarlag	100
9	Ragnhild Kolsrud	Bgnaljom Spel- og dansarlag	96

Lag spel, senior

7	Vårflaumen langeleiklag	116
22	Øystre Slidre spel- og dansarlag	84
23	Gjøvik Spelmannslag	78

Lag spel, junior

2	Valdres juniorlangeleiklag	99
---	----------------------------	----

Gruppespel, senior


1	Magnhild og Ingrid	128
---	--------------------	-----



Vinnarar av eldste og yngste klasse
Ingebjørg Hegge Bratrud og Knut Aastad
Bråten

Om dansedokkene mine

Jeg ble først kjent med dansedokketradisjonen gjennom langeleikmiljøet i Gjøvik spelmannslag. Det var Jorunn Karlsen som av og til hadde med seg slike dokker på øvingskveldene; to forseggjorte dokker med fine drakter, en gutte- og ei jentedokke



som danset sammen. Utgangspunktet var fabrikkproduserte plastdokker som hun hadde kledd opp, de var som miniaturer av ordentlige folk. Seinere fikk jeg mer kjennskap til dansedokkfenomenet gjennom Elisabeth Kværne og funn som hun formidlet, både av dokker, dansehest og dokkestativ. På et besøk hos Marit Fystro i Rogne fikk jeg også dokumentert dansedokker, jeg mener å huske at disse var

laget av filt. Siden store deler av jobben min handler om musikkformidling, for det meste i skoler og barnehager, ble det naturlig å innlemme dansedokker i dette. Nå var det ikke noe poeng for meg å skulle kopiere dokker jeg hadde sett, så da ble det å bruke de materialene jeg hadde for hånden. I skuffen min på kontoret fant jeg en syltestrikk, litt tynn ståltråd, noen trekuler og en skumgummibit. Dermed så Kula dagens lys, og han har siden bodd i langeleikskrinet.

Det er egentlig utrolig hvordan dette med sprellende dansedokker fenger publikum, ikke bare unger, men også seriøse studenter, voksne folk og gamlinger slår seg på låret og skratter høyt når dokka danser i takt med langeleiktonene. Det hele ser jo i grunn ganske grotesk ut og minner heller om en som møter sitt endelikt i galgen, men slike assosiasjoner ser det heldigvis ikke ut til at publikum er plaget med. I forbindelse med seljespikking dukket det etter hvert opp en figur til. Nå kom nemlig Gubben Sjøl på banen, en mer avansert skapning enn Kula, med sprellende armer og bein. God til å danse er han og, i det minste synes han det sjøl, ut fra ansiktsuttrykket å dømme. Etter noen sesonger som solodanser, av og til i selskap med Kula, fikk Gubben Sjøl utvida sitt ansvarsområde til også å holde styr på en rev, ei rotte og en gris. De dukket opp i forbindelse med en barnehageforestilling for å illustrere denne vesle sangstuppen som Unni Løvlid har gjort udødelig, og som er kjent i de fleste barnehager.



..så hva blir det neste?

Stein Villa

Torgeir Havro (*Utdrag frå artikkel i Valdres 7.12.2015*)

Tekst: Oddbjørn Skeie og Elisabeth Kværne

Foto: Helge Gudheim

5. august i år var det hundre år sidan spelemannen Torgeir Havro, Tørjer på folkemunne, vart fødd. Han døydde 25. oktober 1984 i Øye.

Torgeir vaks opp på Havro under Sørre Leirhol i Remmisgardo i Vang, og han var nest yngst av ein stor syskenflokk som telte sju guitar og ei jente. Han flytte seinare til Sørre Sveji i Øye i 1947, der han budde sitt vaksne liv som gardbrukar. Saman med kona Berthe, fødd Remmen fekk han ungane Thorleif og Gunvor.


Faren Johannes (1873-1940) kom til Vang som lærar frå Havretunet i Haus, på Osterøya.

Torgeir førte vidare songtradisjonen etter mor si, Berit Larsdotter Leine (1880-1963), som igjen hadde songar etter bestemora, Ingebjørg Jonsdotter Leine, fødd Leirhol (1801-1892). Bror til Torgeir, Olav, fortale at Andris E. Vang i si tid skreiv opp songar etter Ingebjørg.

Torgeir song også ilag med syster si, Kari Nordland, og dei er både viktige kjelder i Valdres Folkemusikkarkiv. Fem opptak med mora Berit er ein skatt i arkiva til Norsk folkesamling i Oslo.

I alt finst 65 kutt med Torgeir i arkivet; 45 feleslåttar, fem langeleiklåttar og 15 songar, spelt inn mellom 1958 og 1976. Torgeir var ein mangfaldig og komplett utøvar: Han spelte hardingfele, langeleik og som songar hadde han eit variert repertoar med salmetonar, bånsullar, bygdeviser og skjemteviser.

Torgeir var som spelemann ein støttespelar for Valdreskvelven, og han var jamvel leiar i laget frå 1964 til 1969. Han var med eit par, tre gonger på kappliek og han spelte i radioen. Han åtte ei fele laga av Olav G. Helland frå Telemark, ei fele han fekk kjøpe av Torleiv Bolstad. Han åtte også truleg ei fele laga av Kjetil Flatin. Fyrst på 1970-talet kjøpte Torgeir ein langeleik laga av Knut Snortheim.



Torgeir kunne herme fuglelyder meisterleg og var kreativ og humoristisk. Det kom godt med då helsa etter kvart byrja å skrante, og ei vond hofte plaga han. Torgeir var smålåten på eigne vegne, men stolt av familien sin.

Det hadde gleda han stort å sjå at musikkarven lever vidare i familien, og innspelingane i Valdres Folkemusikkarkiv framleis er ei kjelde til inspirasjon og forståing av mangfaldet i musikken i Vang, og i Valdres.

Minneord til Kjell Stokke



Kjell Stokke gikk bort 17. februar 80 år gammel. Med hans bortgang har vi mistet en svært sentral person i tradisjonsmiljøet.

Han var en av grunnleggerne av Gjøvik spelmannslag og var en ildsjel og en inspirator av de sjeldne.

I 1979 fikk han i gang innsamling og registrering av lokal musikk og fikk dokumentert lokale tradisjoner med opptak og nedtegnelser av felespill, langeleik, torader og dans. Dette prosjektet vakte stor oppsikt, spesielt funnet av gamle langeleiker, med Petter Hasvoldseters langeleik fra 1524 som den største sensasjonen.

Han stod i spissen for å dokumentere delevende kildene som kom for en dag da laget begynte å lete etter sin egen lokale musikktradisjon. Han starta opp med byggekurs for å få på fote en langeleiktradisjon som var i ferd med å dø ut. Og han hadde et pedagogisk opplegg for å lære seg å spille langeleik, siffernotasjon, som er en lettfattelig metode for de som ikke er notekyndige, og han komponerte nye langeleiklåtter. Og langelikgruppa består i dag av et dusin som møtes hver uke for å spille sammen.

I byggegruppa ble det laget kopi av alle instrumenten som ble funnet i distriktet, over 20 forskjellinge, og flere andre instrumenter ble det etter hvert.

Vi takker Kjell for gode, glade minner, for all kunnskap og spellestunder, gode samtaler og historier i hverdag og fest, og for sorger og glede vi har delt gjennom mange rike år.

Utdrag frå minneord skrive av Venner i Gjøvik Spelmannslag. Du finn heile minneordet på gjovikspelmannslag.no



~ Klangen Før Fela ~

kurs i **langeleik**, kveding, munnharpe, seljefløyte, lur og bukkehorn
I samarbeid med Riksscenen arrangerer vi kurs, konserter og andre aktiviteter
12. - 14. februar 2016 på RIKSSCENEN i Oslo

Det undervises i flere nivåer på langeleik

Påmelding til turidberge@gmail.com innen 15. januar

NB: Husk å oppgi hvilket kurs du melder deg på

Kursavgiften betales til konto **1503 14 71807**

Ikke-medlem 600,- / medlem 400,- / studenter 400,- / barn under 12 år gratis

Mer informasjon om kursene vil komme på våre hjemmesider og på Facebook

www.langeleikforum.no www.lurogbukkehorn.org www.kvedarforum.no www.munnharpe.no
www.riksscenen.no

Danse, danse dokka mi



Kulturskulelvane i Øystre Slidre har brukt eit par kveldar i haust på å laga dansedokker og stativ. Ivrige foreldre har stilt opp og hjelpt til med vyrke, det har vore pussa, skrua og limt, og velkledde dokker med tresko og nisseluer er klare til å danse både halling og springar.

Her er Ingeborg Onstad med stativ og dokke.

GH

Hadeland

Vi er tre stykker på Hadeland som prøver å møtes jevnlig for å spille sammen. Det går på rundgang hvem vi er hos. Samlingene gir oss en fin motivasjon til å spille mer også er det jo gøy med likesinnede. Det er plass til flere. Ta kontakt med Karine tlf: 97131760 om du vil være med.

Karine G

Norsk Langeleikforum ynskjer alle ei GOD JUL!

Heimeside:

www.langeleikforum.no

facebook: [Norsk langeleikforum](#)

e-post: langeleikforum@gmail.com

Medlemspengar 2016: 200 kr

Kontonr. 1503.14.71807



Hugs medlemspengane for 2016!